

**Vedtekter for
skulefritidsordninga (SFO) i Vågå kommune,
gjeldande frå 1. januar 2017.**

I. Eigartilhøve og leing

- A. Skulefritidsordninga (SFO) er eigd av Vågå kommune og HOKO er ansvarleg styringsorgan (jf. godkjent politisk delegeringsreglement). SFO er underlagt rådmannen eller den han/ho delegerer dette til.
- B. Rektorane ved skulane har leiaransvar og styrer opptak. Den daglege drifta styrast av dagleg leiar. Dagleg leiar ved SFO skal vera fagarbeidar eller ha anna pedagogisk utdanning.

II. Formål og retningsliner

- A. Skulane i Vågå er godt inne i satsingar med fokus på tidleg innsats og dei grunnleggande ferdigheitene. I arbeid med å oppdra skapande elevar er også sansebasert læring og god dialog med heimane grunnleggande for oss. Desse fokusområda skal også prege kvardagen i SFO.
- B. SFO skal vera ein trygg opphaldsplass for barna ut over skuletida, gje barn omsorg og tilsyn, leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar og vera tilpassa barna og dei føresette sine behov.
- C. Den kommunale skulefritidsordninga er styrt av Opplæringslova og kommunale vedtekter.

III. Omfang og opningstid

- A. SFO skal vera eit tilbod før og etter skuletid for 1.-4. steg, og for barn med særskilte behov for 1.-7. steg.
- B. SFO held opent gjennom heile skuleåret og følgjer den vedtekne skuleruta for Vågå kommune.
- C. SFO ved den enkelte skule held ope etter skuletid. Start- og sluttidspunkt blir avgjort lokalt på den enkelte skule innanfor ei ytre tidsramme på 7.30-16.30.
- D. Gjeldande års skulerute ligg til grunn for tilbodet som blir gjeve, og er i utgangspunktet stengt i skulens haust- og vinterferiar. SFO er stengt fire veker om sommaren. **Føresetnad for ferieopen SFO er eit minimumstal påmeldte barn på seks elevar.** Dersom ein skule ikkje har tilstrekkeleg antal barn til å halde ferieopent, kan desse barna få tilbod om SFO på ein annan skule i kommunen eller i ein barnehage.
- E. Grunna kompetanseheving i personalgruppa kan SFO stengast på to av skulens planleggingsdagar.
- F. Det må vere minst seks søkjarar til SFO for å opprette eiga avdeling på tenestestaden.

IV. Opptak, opptakskriteria og oppseiing

- A. Du har plass i SFO til du seier opp plassen, eller til eleven startar på 5. steget. Hovudopptaket for kommande skuleår skjer etter elektronisk søknad med frist 1. juni kvart år. Søkjarane får skriftleg svar frå skulen barnet høyrer til med høve til å klage etter forvaltningslova sine bestemmelsar. Ansvar for opptak for SFO er delegert til skulane (rektor).
- B. Dersom det er ledige plassar er det mogleg å søkje plass på SFO gjennom heile skuleåret. Stuttare opphald, som enkelttimar/-dagar er mogleg ved ledig kapasitet og avtalast med den enkelte skule (rektor).
- C. Søknad om SFO-plass skjer på elektroniske kommunale skjema.
- D. Skulane kan haldast opne i haustferie, vinterferie og delar av sommarferien (jf. III D). Søknad om SFO-plass i skuleferiar blir gjort på egne skjema. Desse blir delt ut på skulen.
- E. Barna skal som hovudregel gå på SFO i den skulekretsen dei tilhøyrer. Dersom det ikkje er plass i eigen skulekrets (til dømes i skuleferiar), kan barnet få SFO-tilbod ved den andre skulen i kommunen.
- F. Dersom det er fleire søkjarar enn plassar på SFO, vil følgjande barn bli prioritert:
 - 1. Yngre barn framfor eldre barn
 - 2. Barn med særskilte behov
 - 3. Barn søkt inn under Lov om barnevern
- G. Føresette kan si opp SFO-plassen med ein månads oppseiingstid. Oppseiinga må vera skriftleg og rettast til den enkelte skule (rektor). Bruk gjerne elektronisk skjema. Det er ikkje mogleg å si opp plassen etter 1. mai.
- H. Dersom SFO-tilbodet på ein skule blir redusert og elevar mistar plassen, skal kommunen varsle skriftleg minst ein måned i forvegen.

V. Lokale

- A. SFO er lokalisert på barneskulane i kommunen og nyttar skulens inne- og uteareal til opphald, leik og aktivitet.
- B. Lokala til SFO skal til eikvar tid vera godkjent etter «Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular».

VI. Bemanning

- A. Grunnbemanninga på SFO er ein vaksen på 15 barn.
- B. Dersom barn med særskilte behov har plass på SFO, blir bemanninga auka etter behov og økonomiske rammer.
- C. Delingstalet kan avvikast når alderssamansetninga og elevar med særskilte behov krev det.
- D. Personalet på SFO bør ha fagutdanning og/eller pedagogisk utdanning.

VII. Betaling og søskenmoderasjon

- A. Opphaldsbetaling på SFO følger det kommunale gebyrreglementet og justerast vanlegvis av kommunestyret den 01.01. kvart år. Årsbetalinga på SFO tek utgangspunkt i 38 skuleveker og er fordelt jamt ut på månadlege beløp.
- B. Det blir gjeve to tilbod fordelt på to betalingsgrupper:
 - 1. 0 - 14 timar (til og med 14 timar og 59 minutt) per veke (betalingsgruppe 1)
 - 2. 15 timar og meir per veke (betalingsgruppe 2)

Barnet blir påmeldt SFO-tilbodet etter skuletid på ønskete dagar eller på heildagstilbod. Ved utrekning av antalet timar tel heile opningstida på ettermiddagen. Dette betyr at det blir fakturert for tida mellom 13.40-16.30 når barnet er påmeldt på SFO etter skuletid.

- C. Betaling for ferieopent SFO (til dømes haust-, vinter- og sommarferie) er utanom den faste, månadlege betalinga.
- D. Betaling av fast plass på SFO skjer forskotsvis og etter faktura tilsendt fyrst i kvar månad. Betaling av ekstraopphald, timar og/eller dagar, skjer etterskotsvis.
- E. Familiar med fleire enn eitt barn på SFO får søskenmoderasjon på 50 % frå og med barn nummer to.
- F. I henhold til Vågå kommune sitt gebyrreglement, har kommunen rett til å ileggje føresette bot dersom barnet blir henta etter stengetid.
- G. Etter to månaders manglande betaling mistar barnet SFO-plassen.

VIII. Godkjenning av vedtektene

- A. Vedtektene gjeld frå 1.1.2017
- B. HOKO er delegert godkjenning av vedtektene.